

VIKTIGE ARBEIDSTAKERE
 ■ I 2011 var 15 prosent av alle arbeidstakere i Norge utlendinger, viser ferske tall fra Skattedirektoratet. I overkant av 2.560.000 personer hadde status som selsatt i fjor, og hele 387.103 utenlandske statsborgere fikk skrevet ut skattekort, skriver Bergens Tidende. Økonomiprofessor **Kjell Gunnar Salvanes** og kollega **Rolf Brunstad** ved Norges Handelshøyskole mener arbeidsinnvandringen har hatt stor betydning for den økonomiske veksten og velstandsutviklingen i Norge. ©NB

INNTEKT PÅVERKAR EØS-HALDNING
 ■ Jo rikare du er, desto større er sjansen for at du er EØS-positiv. Berre 15 prosent av dei spurte med over 900.000 kroner i årsinntekt ønskjer å seie opp EØS-avtalen, viser Norstat-undersøkinga gjort for Vårt Land. Nesten dobbelt så mange, 29 prosent, av dei som tenner under 300.000 kroner vil det same. **Vårt Land**

INGEN GJENOPPTAKELSE AV ETTERFORSKNINGEN
 ■ Scandinavian Star-ulykken blir ikke gjenopptatt. Det har Riksadvokaten besluttet. Støttegruppen for overlevende og etterlatte etter ulykken med Scandinavian Star leverte i mai i fjor en anmodning til den norske Riksadvokaten om gjenopptakelse av etterforskningen etter Scandinavian Star-ulykken. Anmodningen bygger på mye av det samme materialet som i november 2010 ble levert til den danske Rigsadvokaten. Det har vært stor uklarhet om hendelsesforløpet i det som skjedde i internasjonalt farvann. ©NTB



7. april 1990 omkom 159 personer i en brann ombord i Scandinavian Star.

S-avtalen

«Vi treng ikkje ein ja/nei-debatt, vi treng ein debatt om reelle alternativ til avtalen»

Liv Signe Navarsete (Sp)



EØS-RAPPORTEN

- **Utanriksminister** Jonas Gahr Støre (Ap) utnemnde Europautredningen i januar 2010. Mandatet var å skildre og analysere verknadane av avtaler som Noreg har med EU, først og fremst EØS og Schengen.
- **Det** låg ikkje i mandatet å utgreie alternativ til EØS, som utmelding og frihandelsavtaler.
- **Utgreiinga** er den første heilskapelege gjennomgangen på dei 18 år avtalen har eksistert.
- **Ein** av konklusjonane er at Noreg er knytt tettare til EU enn det folk flest er klar over, og at mangelen på deltaking og påverknad er eit alvorleg demokratisk problem.
- **Utvalet** ønskjer debatt og medieoppfølging, men innrømmer at det er vanskeleg så lenge avtalen ikkje er meir politisk omstridt.
- **Utgreiinga** er ein NOU som no vert send på høyring. Prosessen skal munne ut i en stortingsmelding, som er venta å kome til hausten.

NTB

«Ingen veit kva alternativa går ut på, og då er det ikkje vits å stille spørsmålet»

Frode Nergaard Fjellstad, Europabevegelsen

POLITISK EØS-SPRIK

■ EØS-avtalen er eit tema som ikkje følgjer vanlege politiske skiljeliner. Nordmenn som sympatiserer med partia Raudt, Senterpartiet og Framstegspartiet er dei mest EØS-fiendtlige - parti som normalt står langt frå kvarandre politisk. I Vårt Lands meiningsmåling ville 80 prosent av dei som stemmer Raudt seie opp dagens EØS-avtale. Det same gjeld for 48 prosent av Sp-veljarane og 41 prosent av Frp-veljarane. Dei mest EØS-venlege er Arbeidarparti-veljarar og Høgre-veljarar: 67 prosent ville behalde avtalen. Frp-veljarane er minst usikre. Berre seks prosent svarte «veit ikkje» på spørsmål om dei vil behalde eller skrote dagens EØS-avtale. 36 prosent av Krf-veljarane svarte det same. **Vårt Land**

Éin av tre veit ikkje kva EØS-avtalen inneber

Liv Jorun Andenes

liv.jorun.andenes@vl.no 22 310 406

I Vårt Lands meiningsmåling kjem det fram at ein tredel av dei spurte ikkje veit kva EØS-avtalen går ut på.

– Det er absolutt eit stort demokratisk problem, og det er difor vi treng ein debatt om avtalen, seier leiar for Senterpartiet, Liv Signe Navarsete.

– Det er ei kjempeutfordring. EØS-avtalen er ein av dei viktigaste avtalene Noreg har, seier

generalsekretær i Europabevegelsen, Frode Nergaard Fjellstad.

Kunnskapsmangel = motstand.

Utdanningsnivå spelar ei stor rolle for kunnskapen nordmenn har om EØS. Åtte av ti av dei spurte med fire år eller lengre høgare utdanning svarte at dei veit kva avtalen går ut på. Fire av ti med grunnskuleutdanning svarte det same. Undersøkinga viser også at det er store skilnader mellom menn og kvinner. 72 prosent av mennene hevdar

å vite kva EØS-avtalen går ut på. Berre 53 prosent av kvinnene gjer det same. Og der dei veit minst om avtalen er motstanden størst: Fire av ti i Nord-Noreg veit ikkje kva EØS-avtalen går ut på, likevel vil éin av fire seie han opp.

– **For lite diskusjon.** Ifølgje Fjellstad er det store manglar i grunnskuleundervisninga om EU og EØS.

– Elevar i Belgia lærer meir om EØS-avtalen enn norske

elevar lærer om EU, hevdar han.

Jan Olav Andersen, leiar for styringsgruppa i prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale», tykkjer ikkje det er rart at mange manglar kunnskap om EØS-avtalen. – Det har ikkje vore diskusjonar om avtalen dei 20 åra ho har eksistert. Det ønskjer vi å gjere noko med, seier Andersen, som 6. mars legg fram prosjektet si utgreiing om alternativ til EØS-avtalen. – Kunnskap er viktig for å få ein opplyst debatt, påpeikar han.